



## Lokale bondelag

Vår sakshandsamar  
Bergit Li  
Tlf. 35 95 90 31

Vår dato  
2010-06-25  
Dykkar dato

Vår referanse 2009/00307/011  
Arkiv: 021  
Dykkar referanse

## Informasjon til lokallaga - juni 2010

### Brosjyre om burot



Vedlagt følgjer nokre eksemplar av ei brosjyre om burot. Treng de fleire brosjyrar så ta kontakt med fylkeskontoret.

Fint om de leverar brosjyren til ulike offentlege kontor, bibliotek.

Kanskje de kunne få til eit oppslag i lokalavisa om tiltak mot burot? Me går straks inn i "agurktida", og mange aviser er takksame for tips!

Som de ser er brosjyren eit samarbeid mellom fleire organisasjonar.

### Lokale møte om miljøplan

Fylkesmannen bed kommunane om å halde informasjonsmøte om miljøplan i løpet av hausten 2010. Det er nå vel 10 år sidan ordninga blei innført, og det kan vere tid for å friske opp arbeidet med miljøplan og kva den skal innehalde.

Kommunane er oppmoda om å arrangere slike møte i samarbeid med lokale bondelag. Vi bed dykk difor vurdere eit slik samarbeid når kommunen tar kontakt med dykk. Det er fint om nokon frå det lokale bondelaget kan halde eit innlegg på møtet om erfaringar med miljøplan og tankar om korleis ordninga

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> Landbrukets hus, Bøvegen 271, 3810 Gvarv.	<b>Besøksadresse:</b>	<b>Telefon:</b> 35 95 90 30	<b>Telefaks:</b> 35 95 90 39	<b>E-postadresse</b> telemark@bondelaget.no
<b>Telemark Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 987373024	<b>Bankkonto:</b> 2630.07.00526	<b>Internet:</b>	
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b> 8101.05. 91392		www.bondelaget.no/telemark

bør vere i framtida. Landbruksrådgiving Østafjells skal brukast i det faglege programmet på møta. Det er og aktuelt å trekkje inn til dømes lokale historielag, for å setje fokus på historia i det lokale kulturlandskapet.

### Regionvise møte

På samlinga som var med lokallagsleiarane i februar, vart ein samde om å gjennomføre regionvise oppstartsmøte for styra i lokallaga i haust. Det er aktuelt med kveldsmøte i månadsskiftet september/oktober og dele fylket i fire eller fem regionar. Fylkeskontoret tek kontakt med dykk for å fastsetje tidspunkt for møta.

### Leiarmøtet hausten 2010 - tid og stad

Møtet skal vere på Morgedal Hotell tysdag 23. og onsdag 24. november. Har de innspel til program på leiarmøtet så gje oss beskjed før 1. september.

### Utbetaling av honorar til tillitsvalde i lokallaga

Iflg. retningsliner frå Norges Bondelag er det fylkeslaga som skal utbetale honorar til tillitsvalde i lokallaga. Fylkeslaget er ansvarleg for innbetaling av arbeidsgjevaravgift og evt. skattetrekk.

Lokallaga må sende oversikt til Telemark Bondelag over dei som skal ha honorar. Me treng namn, kontonummer og beløp. På honorar over 4.000 kr pr. år skal det trekkast skatt. Oversikten må sendast fylkeskontoret innan 1. september.

### Sommarstengt kontor

Veke 28, 29 og 30 er bondelagskontoret stengt. Treng de kontakt med ein av oss i den perioden så kan de ringe Amund (97541842) eller Bergit (47618312).

Dette brevet finn de også på [www.bondelaget.no/telemark](http://www.bondelaget.no/telemark) under "Informasjon til lokallag frå TB".

***God sommar!***

Med helsing oss på Bondelagskontoret